

## **Forskrift om spreiiing av organisk gjødsel i Askvoll/Fjaler/Hyllestad Kommune, Vestland**

### **§ 1.Føremål**

*Føremålet med kommunal gjødsselforskrift er å tilpassa lokal praksis og vilkår for spreiiing av gjødselvarer med organisk opphav av husdyrgjødsel og silopressaft til skiftande vêt- og veksttilhøve i kommunen.*

Jamfør [forskrift 4. juli 2003 nr. 951 om gjødselvarer mv. av organisk opphav § 23.](#)

### **§ 2.Verkeområde**

*Forskrifta omhandlar alt jordbruksareal i Askvoll/Fjaler/Hyllestad kommune som er godkjent for spreiiing av gjødselvarer mv. av organisk opphav.*

*Med vassførekomst regnas alt av innsjø, magasin, elv, bekk, kanal, fjord eller kyststrekning, eller deler av disse, eller en avgrenset mengde grunnvann innanfor en eller flere akviferer.*

### **§3. Spreietidspunkt**

*Spreiiing av gjødselvarer av organisk opphav kan berre utførast i perioden frå 15. februar til 1. oktober. Det er ikkje lov å spreie gjødselvarer på snødekt eller frose mark.*

*Det er tillat å spreie gjødselvarer av organisk opphav i vekstsesongen fram til og med 1. oktober, med følgjande unntak:*

*Jordbruksareal i tilknyting til vassførekomst med stor risiko for redusert vasskvalitet, eller på flaumutsett areal eller andre særskilte område som kommunen fastset. For desse areala er siste spreiedato 1. september, både med og utan nedfelling/nedmolding.*

### **§4 Spreiereglar**

*I perioden 1. september til 1. oktober skal det ved all spreiiing av organisk gjødsel på jordbruksareal maksimalt spreiest 2 m<sup>3</sup> pr. dekar, og mot vassførekomst, kanalar og opne kummar skal ein set att ei gjødselfrisone på minst 6 meter.*